

VATNASETE

Dette er stølen til bruka på Haugse g.nr 105. Dei to sela, uthus og nokre hytter ser ein her. Almenningsvegen går tett forbi og stølen var naturleg stoppe- og kvilestad for dei som gjekk eller kørde mellom Ulvik og Granvin i eldre tid. Ein kunne få servert stølskost så lenge stølen vart driven. I 1890-åra hadde bruk 1 også skjenkeløyve på stølen. Mange gardar i bygda var pålagde vedlikehald og heilårleg skyssplikt den tid dette var hovudvegen mellom bygdene. I dårleg ver og føre kunne presteskysse vera både tung og slitsam for hest og mann.

Prestejuklane ved eit bergelag rett heimom vatnet, er og var, fårlege vinterstid. Ein prest omkom der i eit isras i 1743. Staden er no markert med eit lite skilt på berget. Trafikken etter Almenningsvegen avtok når veggen over Espelandsdalen opna straks før 1900. Det vart støla fram til 1969 og hausta på trøet til 1972. Høyet kørde ein heim vinterstid. Sigrud L. Haugse og Elseberg Kollanes var dei siste budeiene på stølen.

Stølen og området ikring er kjent frå eldre reiseskildringar og Jørgensen (Jø) sine artiklar og teikningar i Bergens Tidende frå før krigen til ut i 1970-åra. Legg merke til den flotte steinbrua der elva frå Svortetjørn kryssar veggen ved stølen. Frå Vatnasete kan ein m.a. gå vidare sør-søraust-over til Groheller og høgare mot Trappetjell og Midtjell 1255 moh. Ikkje minst om vinteren, er det mange som tek denne leia til fjells. Ein kan og gå til Svortetjørn og Kvasshovden nord og vest for stølen. Då går beste veggen opp trøet og vidare innover og oppover innom fossen. Veggen/stien over Rusta til Måvotno er nemnd i turprogrammet.

Omtalen er henta frå stølsboka og lokalkjende.

God tur!

Granvin turlag

Kjelde : «*Stølane i Granvin*» av Torbjørn Seim